

Sjøtroll Havbruk har fått aksept i Mattilsynet for søknaden om utviding av biomassen på anlegget utanfor Skorpo frå 3120 tonn til 5460 tonn. Utvidinga vert teke frå anlegget ved Ånugla, som med dette vert lagt ned. Dermed vert det ikkje nokon økning i området.

Eit vilkår for godkjenning er at det vert dreve synkronisert drift med dei anlegg som ligg innafor ein radius på 5 kilometer frå anlegget. Dette betyr felles utsett, avslutning og brakklegging. Det skal gjerast oksygenmålingar i fleire merdar dagleg. Når fisken er slakta skal det dokumenterast helsemessig tilfredsstillande drift.

Den nærmaste elva er Uskedalselva, 5,5 kilometer unna. Mattilsynet skriv at bestanden av laksefisk der vert kategorisert som svært dårleg av Direktoratet for Naturforvaltning. Øya Skorpo ligg som ein naturleg barriere mellom anlegget og elva og avstanden er større enn det som etter retningslinene vil føra til at anlegget ikkje kan utvidast. Men anlegget ligg så nær elva at det er spesielt viktig med gode rutiner for luskontroll. At ein fjernar Ånuglo fører til eit mindre smittepress og truleg ein betre lusesituasjon i området.

Av Ola Matti Mathisen